

# **Norsk wushu idag, - og vegen vidare**

**Gruppeoppgave**

**Coaching og ledelse i idrett, kull 2**

**Lvert av: Sverre Helge Bolstad og Oddgeir Sausjord**

**Noregs kampsportforbund**

**Norges idrettshøgskole**

**Oslo, Februar 2007**

# Innhald

Innleiing.....	3
Kompetanseheving som mål, organisasjon som middel.....	4
Kva er gjort så langt ?.....	4
Metode.....	6
Teori.....	7
Intervjuobjekta.....	9
Analyse.....	10
Mål.....	10
Forventingar.....	11
Utfordringar.....	13
Synspunkt frå ein profesjonel instruktør og dommar. ....	14
Organisasjonshjulet som utgangspunkt for vidare arbeid.....	15
Referanser.....	17
Vedlegg: Intervju.....	17
Intervju 1 med Kristin Svartveit.....	17
Intervju 2 med Rune Ingebrigtsen.....	19
Intervju 3 med Antero Wallinus-Rinne.....	20
Intervju 4 Li Qiao Ling.....	21
Intervju 5 med Michael L. Storebø.....	24

## Innleiing

I samband med kurset “[Coaching og ledelse i idrett](#)” ved Noregs Idretts Høgskule (NIH) skal me skrive ei gruppeoppgåve som er “...*relevant for vårt særforbund, enten på klubbnivå eller i forholdet mellom sentralledd og andre deler av organisasjonen*”. På bakgrunn av vår tilknytning til wushuidretten som utøvarar, dommarar, arrangører og klubbstyremedlemer har me valgt å sjå på utviklinga av wushu i Noreg med spesielt fokus på korleis ein kan utvikle organisasjonen for å auka kompetansen hjå trenarar og utøvarar.

*Wushu* er samleomgrep for alle kinesiske kampkunster, men er også nemninga på ei moderne konkurransegrein i rask utvikling. Sporten er IOC-godkjend og er eit uttalt satsningsområde for Noregs Kampsportforbund (NKF). Medlemstalet i klubbane som trener wushu og er tilslutta NKF er foreløpig for lavt til å danne ein eigen seksjon i forbundet, difor sorterer wushu no under Fleiridrettsseksjonen (FLIS) saman med mellom andre aikido, kyudo og capoeira. Wushu har ei lang historie i Kina, og ei sterk tilknytning til kinesisk religion og kultur. I 1956 vart “Chinese Wushu association” danna, og to år etter gav dei ut dei fyrste reguleringane for konkurranser i stilartane Changquan, Nanquan, Taijiquan, samt fire ulike våpenstiler. Moderne konkurransewushu slik me kjenner det i dag såg med dette dagens lys. I Beijing i 1982 vart den fyrste “World Conference” arrangert, og i 1990 vart “The international Wushu Federation” (IWUF) oppretta. I 1999 vart Wushu anerkjent av den Internasjonale Olympiske komiteé (IOC) som ei Olympisk øving. Det Internasjonale wushuforbundet hadde i 2003 97 medlemsland frå alle verdas kontinent. IwuF har jobba hardt med å få Wushu til å verte ei prøvegrein i OL i Beijing i 2008, men har ikkje lukkast, og i staden vil eit verdsmeisterskap i wushu verte arrangert parallelt med OL i Beijing i 2008. Siste året har fleire klubbar i Noreg, i samarbeid med NKF, vore med å arrangere dei fyrste nasjonale konkurransane i wushu. I 2006 vart det etablert eit norsk landslag i wushu, og Noreg har planar om å arrangere det fyrste nordiske mesterskapet i wushu sumaren 2007. Det er no to hovudgreiner innan konkurransewushu; taolu som er form eller mønster, og sanshou som er frikamp, ikkje ulikt kickboxing.

I denne oppgåva vil me vil kartlegge kva steg som er teke for wushu i Noreg fram til no, og gjere greie for stoda i dag. Gjennom intervju med aktørar frå forbund, krets, klubber og frå Beijing Sports University vil me undersøkje planar, mål og forventingar for vidare utvikling av wushu i Noreg. Me vil sjå på desse måla og planane i samanheng med relevant teori om organisasjonsutvikling. Til slutt vil me reflektere kring kva som kan gjerast vidare, på bakgrunn

av analysen av data me har henta inn. Me håper refleksjonane kan vere nyttige for dei som heldt på med det vidare arbeidet, spesielt med tanke på oppretting av ein eigen seksjon for wushu i Noregs Kampsport Forbund.

Oppgåva inneheldt ein del om metode og teori, ein kartleggingsdel, ein analyse del og ein oppsummerande konklusjon med forslag til vidare arbeid.

### ***Kompetanseheving som mål, organisasjon som middel***

Ein viktig ting for samarbeidet mellom forbund, krets og klubbar er å få prioritert ressurser og og å få kommunisert behov, mål og ynskjer mellom dei ulike ledda. Koordinering av kurs, konkurranser og utdanning av dommarar og trenarar må skje i eit samspel med god informasjonsflyt fleire vegar. Kompetanseheving hjå utøvarar, trenarar og dommarar er ei forutsetjing for å arrangere konkurranser og auke kvaliteten på norsk wushu. Dommarutdanninga er igang, men det er fortsatt ingen utdanning for trenarar. Me trur at alle ledd (klubb/krets/forbund) må bidra til denne kompetansehevinga. Wshukompetanse er kroppslig kunnskap som i Kina tradisjonelt er vidareført gjennom mesterlære i eit mesterlærling forhold. I moderne sportswushu er mesteren bytta ut med lærar, og tilhøyre ein elev har til ein spesifikk lærar er svakare. Dette kan sjåast i samanheng med at pensum i moderne wushu er standardisert og felles, uavhengig av kva klubb eller stilart ein tilhøyre. Det viktigaste for kompetanseheving, slik me ser det, er den daglege treninga saman med dyktige instruktører, samt prestasjonar i til dømes konkurransar. Fokus i denne oppgåva vil likavel vere på eit høgare nivå enn dette og snarare sjå på tilretteleggjinga for den nemnde kompetansehevinga på organisasjonsnivå. Dette inneber bidrag frå alle ledd, gjennom rekruttering, konkurranse, trenarutdanning, dommarutdanning, instruktørbesøk, internasjonalt samarbeid, kurs og så vidare. Me vil fyrst gjere greie for kva som er gjort for å leggje tilrette for wushu i Norge til no.

### ***Kva er gjort så langt ?***

I 2003 oppfordra Trond Søvik, president i NKF, Rune Ingebrigtsen til å prøve å blåse liv i norsk wushu og å samla miljøet som trener kinesiske kampkunstnar. I juni 2004 vart Ingebrigtsen valgt til leiar i FLIS, og kort tid etter vart ein fagkomité og dommarkomité for wushu oppretta. Dette

kan sjåast på som den fyrste formelle starten på arbeidet med å utvikle eit norsk wushumiljø i regi av Noregs Kampsport Forbund.

Frå slutten av 90-talet har kampsportklubbar i Bergen hatt instruktørbesøk frå Beijing Sports University som er ei internasjonal anerkjent utdanningsinstitusjon for wushutrenarar og toppidrettsutøvarar. Frå 2004 har dette vorte gjort i samarbeid med Norges Kampsport Forbund og Kampsport Region Vest. Hausten 2004 var professor Ma Xue Zhi, frå BSU, i Bergen og underviste i taolu og sanshou for første gong. Ma kom også igjen i februar året etter. Då reiste han til også til Oslo og hadde tilsvarande treningar der. Under dette opphaldet vart det første wushu dommarkurset arrangert. Dette fyrste kurset var berre for dommarar i sanshou og vart halde av svenskane Patrick Svenberg og Michael Sjølin, som har erfaring frå slike konkuransar i Sverige. I slutten av april- 05 var det tid for det fyrste Noregscupstevnet i Wushu. Dette vart arrangert var BSI Taiji og Norges Kampsportforbund i Bergen, men denne gongen vart det kun konkurrert i sanshou, då dei andre wushugreinene enno ikkje var tilstrekkeleg utvikla og organisaert.

Li Qiao Ling, kollega av Ma frå BSU, kom i mai-05 til Noreg på instruktørbesøk. Då vart det undervist i taolu i både Bergen og Oslo. I tillegg haldt ho det første dommarkurset i taolu. I etterkant av dette vart det 2. noregscupstevnet i Wushu holdt i Oslo. Denne gongen var taolu med som prøvegrein, med ca. 30 deltakarar. Oslo Kung Fu klubb og NKF arrangerte stevnet. I september -05 vart det tredje noregscup stevnet arrangert i Bergen. Neste stevne vart halde i Oslo i november 2005, i samband med instruktørbesøk av Li. Også denne gongen besøkte ho både Bergen og Oslo og hadde dommarkurs på båe plassane. Dommarkomite i FLIS hadde no utvikla eit forenkla regelverk for både sanshou og taolu. Samstundes med kursa og konkuransen inviterte Ingebrigtsen og FLIS til eit møte for alle intereserte frå det kinesiske kampsport miljøet i Noreg, og ca 10-15 klubber var representert på møte. Det vart gjort forsøk på å kartleggje miljøet, samt legge til rette for vidare samarbeid. Inntrykk i etterkant var at dette var eit variert og differensiert miljø. Dersom alle desse skulle kome saman i eit felles konkuransmiljø stod ein ovanfor fleire utfordringar.

I desember 2005 reiste sportsjefen og presidenten i NKF saman med leiaren i FLIS til VM i Wushu i Hanoi. Dei kom heim henrykt over det dei hadde sett og dette gav motivasjon og engasjement til å satsa enda meir på utvikling av wushu som idrett i Norge.

I september -06 kom ein annan instruktør frå BSU, Zhu Hong til Noreg i regi av NKF, og hadde åpne treningssamlinger. Under dette opphaldet var det femte NC-stevnet avholdt. Neste stevnet som vart arrangert var i april i Oslo, dette var nummer 6 i rekka. Her vart det og holdt dommarkurs i samband med stevnet. Det så langt siste noregscupstevnet som er arrangert var i Bergen i september 06.

Sumaren 2006, fekk to personer frå wushumiljøet i Noreg vera med på «International Wushu Coaches Training Course» i Beijing, Dette kurset vart arrangert av det internasjonale wushu forbundet for å heve standarden på instruktører internasjonalt, og dei norske delegatane hausta nyttige erfaringar.

Norges Kampsportforbund v/ fleridrettsseksjonens Wushukomiteé tok ut Norges første landslagstropp i Wushu våren 2006. Norges første Wushu landslag til deltok i i det 11. EM i Italia, 5-11. november, 2006. Det var European Wushu Federation (EWuF) som saman med det Italienske Wushu/Kung Fu forbundet (FIWuK) arrangerte Europamesterskapet. Norge fekk ein 6. plass og 15. plass i taolu og hadde også med ein deltakar i sanshou. Under dette EM arrangerte Ingebrigtsen og sportsjefen i NKF eit møte med representantar frå det svenske, finske og norske landslaget Dei vart då einige om å arrangere eit Nordisk mesiterskap i Oslo i mai 2007.

For å oppsummere kort dei 3 siste åra er det altså halde 7 konkurranser, det er blitt utvikla eit nasjonalt regelverk for taolu og sanshou, det har vorte halde dommarkurs og opne trenersamlingar og eit landslag som har delteke i eit internasjonalt mesterskap er oppretta. På det organisatoriske plan er det oppretta ein eigen wushu komite i FLIS, samarbeid med BSU og IWUF, og dei andre nordiske landa er i gang, og klubber, krets og forbund har etablert eit samarbeid om intruktørbesøk, konkurranseavikling og dommarutdanning.

## **Metode**

I oppgåva har me nytta kvalitativ metode og intervjuanalyse. Dette er gjort for å få best mogeleg forståelse om kva mål, forventingar og utfordringar viktige aktører i norsk wushu meiner sporten står ovanfor. Dataene me har nytta er eigen personleg kunnskap og erfaring frå vårt eige arbeid med wushu i Norge, samt strukturerte intervju på epost med aktørar innan wushumiljøet i Noreg. Her har me nytta nokre fellesspørsmål til alle og nore spesifikke spørsmål i høve til kva rolle og funksjon intervjuobjektet har. Me meiner metoden me har nytta fungerer godt på denne

type problemstillinger. Ei begrensing oppgåva har er at det er få intervju. Ved å inkludere fleire klubbar, og kanskje også klubber utanfor NiF kunne ein fått større variasjon innan mål, forventingar og utfordringar. Tidsomfanget for oppgåva har diverre gjort at me har måtte nedprioritert dette. Det kunne også vore fristande å stille fleire spørsmål, men dette vil alltid vere ei vurdering av kor mykje tid ein skal kreve at intervjuobjekta, og kortid terskelen for å svare vert for høg. Me oppgav at intervjuobjekta skulle bruke ca. 30 min på å svare på spørsmåla, og alle me spurte svarte. Intervjuet med den kinesiske instruktøren på Beijing Sport Univeristy vart gjort i Beijing i ei vanleg intervjusetting med bruk av tolk. For å få oversikten over alt arbeidet som er gjort med wushu til no, spesielt datoer på ulike hendingar, brukte me kilder på internett og uformelle intervju med informantar.

## Teori

Ein organisasjon er eit sosialt system bevisst konstruert for å løyse oppgåver og realisere bestemte mål (Jacobsen og Thorsvik, 2002). Organisasjonen sjølv er eit verkemiddel for å nå desse måla, og for å diskutere kor godt eller dårleg ein organisasjon fungerer kan ein drøfte i kva grad den klarar å nå måla sine. Wushu har ikkje ein eigen organisasjon i NKF endå, og det kan vere vanskeleg å avgrense organisasjonen til Norsk wushu. På styremøte i 2007 oppretta Fleiridrettsseksjonen (FLIS) i Noregs Kampsport Forbund ein eigen fagkomite for kinesiske disiplinær som tek opp i seg dei tidlegare funksjonane til fagkomite og dommarkomite i wushu. Denne komiteen skal jobbe vidare med utvikling av wushu. Det er denne komiteen som no utgjør den formelle delen av Norsk wushu.

Ei stor utfordring ved opprettinga av ein “ny” sport i NKF er at ein må ha minst 1200 medlemmer samla i klubbane tilknytt særvidretten for å kunne danne ein eigen seksjon. Dette kan sjåast som eit paradoks sidan det er vanskeleg å få så mange medlemmar utan ein dedikert organisasjon bak oppgåva, og det vil krevje ein stor innsats frå FLIS og klubbene å få opp medlemstalet. Wushu har fått høg prioritet innan dei gitte rammene frå NKF og FLIS. Størstedelen av budsjettet til FLIS for 2006 gjekk til arbeid med wushu, og slik det ser ut no vil størstedelen av budsjettet for 2007 også gå til wushuarbeid.

For å løyse oppgåvene organisasjonen står ovanfor må den nytte seg av sin kompetanse og redskaper. Dette kan kallast «organisasjonens teknologi» (Jacobsen og Thorsvik, 2002) og inkluderer både fysiske redskaper, kunnskap og ferdigheter. Kompetanse og erfaring hjå

organisasjonens medareidere er svært viktig for om organisasjonen når sine mål, og ved oppretting av eit eige forbund og eit nytt “fagområde” vil det vere viktig å utvikle arbeidstilhøve og samarbeidsformar som fremmer kompetanseutvikling og nyskapningsevne, og som tiltrekkjer seg, og heldt på dyktige menneske( Jacobsen og Thorsvik, 2002). Ei kartlegging av organisasjonens kompetansebehov i framtida kunne vore nyttig å gjennomføre før eit eige forbund hadde vorte etablert og utforma.

Denne oppgåva tek i hovudsak for seg mål, utfordringar og forventingar for wushu i Noreg. Me definerer mål som “*skildringa av ein ynskja framtidig tilstand*”. Å skildre kva som er ein idell situasjon for wushu i framtida kan også kallast visjoner, og me har prøvd å undersøkje kva desse måla er for dei viktigaste aktørane i Norsk wushu. For å sjå på kva som er gjort til no analyserer me data og prøver å sjå dei i forhold til eit “mål-middel” hierarki. For at arbeidet fram mot måla skal vere nyttig, kan ein sjå på samanhengen mellom måla og midla og korleis strategien for å realisere måla er. Strategisk analyse av ein organisasjon omfattar vanlegvis tre høve; 1) *Omgjevnaden* (kva moglegheiter og trusler dei representerer for organisasjonen), 2) *dei ressursane som organisasjonen har til rådighet*, og dermed kva moglegheiter den har, 3) *dei verdier og mål* som seier noko om kva retning organisasjonen ynskjer å bevege seg i (Jacobsen og Thorsvik, 2002).

Klare, uttalte mål kan ha ein motivarande effekt på dei som er tilknytta organisasjonen og måla har ein styrande funksjon for arbeidet som skal gjerast. Mål kan fungere som evalueringskriterier for å måle om ein har oppnådd det ein ville, men og som legitimitetsfaktor overfor omgjevnaden. Når ein organisasjon fremstår som legitim vert den oppfatta som bærer av eit sett “gode” og “riktige” verdier og dei målsetjingar som organisasjonen går ut med er viktige for å sikre tilføring av ressursar og støtte frå omgjevnaden. (ibid.)

Målas tidshorisont er viktig, og jo lengre tidsperspektiv, jo mindre klarare vert målne, og dei kan difor egne seg dårleg som evaluerings- og styringsmål. På den andre side kan langsiktige mål sjåast på som strategi og idégrunnlag og fungere som vide avgrensingar og gje handlefridom. I denne oppgåva har me undersøkt måla til ulike aktører for ein 5 års periode. Me ser fem år som ein høvande periode for å undersøkje både kvantifiserbare mål, men også meir visjonære mål om kva idear ein har for framtida.

Ein organisasjon består fyrst og fremst av grupper og individer, og det er desse som formulerer måla på vegne av organisasjonen. I den innovative og skapande fasen som byrjinga på ein ny

organisasjon representerer, er ildsjeler og innovatører viktige. Ofte kan difor ein organisasjon ha mange og ulike mål, og dei kan også kome i konflikt med kvarandre.

Wushu i Noreg har ikkje *ein* organisasjon, men er prega av eit nettverk av personar og grupper. Allereie tidleg i organisasjonsteorien vart viktigheten av individ og grupper i organisasjonen anerkjent. Bernard (1938) introduserer to samanhengande delsystem kalla. Den fyrste, *Den formelle organisasjonen*, er eit system av aktiviteter som er bevisst koordinert for realisering av organisasjonsmessige mål. *Den uformelle organisasjonen* er definert av det mønsteret av personleg kontakt, samhandling og gruppedanning som påverker dei involverte partane. I høve til wushu i Noreg var det kun denne uformelle organisasjonen som eksisterte før oppretting av ein komite i FLIS, og det er imidlertid med utgangspunkt i den uformelle organisasjonen at den formelle dannast, og det er svært viktig korleis desse to delsystema går saman. Ildsjeler og initiativtakarar fungerer som sentrale aktørar og vil ha stor betydning for begge delsystema.

Å definere «organisasjonen wushu» i Noreg er vanskeleg før ein har eit eige forbund. Når me i denne oppgåva snakker om ei slik organisasjonen siktar me i hovudsak til komiteen som er oppretta i FLIS, men også til nettverket av andre aktører som klubbar, enkeltpersoner og andre som jobber med å etablere eit norsk wushumiljø tilknytt NKF og det internasjonale wushumiljøet.

Ein organisasjon verker innan omgjevnader prega av andre aktører som ein i varierende grad er avhengig av å samhandle med. Klubbane er avhengige av medlemar, treningslokaler, samarbeidande eller konkurrerende klubber, krets og særforbund. NKF er avhengig av klubber og krets, men også av Noregs Idrettsforbund (NIF) og internasjonale samarbeidspartnarar som td. IWUF og Beijing Sports University.

## ***Intervjuobjekta***

Før analysekapittelet vil me gjerne introdusere intervjuobjektane vi har nytta. Antero Wallinus-Rinne er utdanningssjef i Noregs Kampsportforbund og såleis utdanningsansvarlig for alle idretter og stilartar som inngår i NKFs utdanningsstige, deriblant wushu. Rune Ingebrigtsen er leiar i Fleiridrettsseksjonen i NKF, er gradert til 6. dan av det kinesiske wushuforbundet og er instruktør for fleire klubbar som trener wushu. Kristin Svartveit er leiar i studentklubben BSI Taiji. Ho er også med i styret i Fleridrettsseksjonen (FLIS) i Noregs Kampsportforbund, og har til no sitte i Dommarkomitè for wushu. Michael L.Storebø er leiar i Kampsport Region Vest og i

Bergen taiji- og wushuklubb. Han er også medlem av NKF sin dommarkomite for wushu, og nestleder i NKF sin medisinske komite. Li Qiao Ling er associate professor ved Beijing Sports University, og profesjonell trener og dommar i wushu.

I utvelginga av intervjuobjekt ville me ha med eit relevant utval av representantar frå både klubb, krets, seksjon og forbund, og har i høg grad lukt med det.

## **Analyse**

Me vil no sjå på kva mål, forventingar og utfordringar dei ulike aktørane har for framtida til norsk wushu. Kapittelet er delt opp i tre underkapittel som tek for seg kvar av desse.

### **Mål**

Me ville undersøkje kva mål dei ulike ledda hadde for framtida og spurde om kvar dei trudde norsk wushu var om 5 år, samt kva mål og forventingar dei hadde for denne perioden. Svartveit, som representerer ein klubb i denne oppgåva, seier at BSI Taiji er opptekjen av å ha eit tilbod for både breidde- og toppidrett i framtida:

*BSI taiji har per i dag ingen konkrete mål for kvar me skal vera om fem år, men eg trur me vil vera i kjernen av miljøet også då. Eg håpar me i denne perioden vil klare å organisere treningar slik at me både har eit tilbod til dei som ynskjer å drive konkurransewushu, inkludert velorganisert og regelmessig tilbod om treningsseminar med kinesiske trenarar, samt eit godt tilbod også dei som berre ynskjer å trene for sin eigen del.*

*(Kristin Svartveit, BSI Taiji)*

BSI Taiji har hatt instruktørbesøk sidan slutten av 1990 talet og dei set fortsatt regelmessige seminar med profesjonelle instruktører som eit av måla til klubben.

Leiaren i FLIS, Rune Ingebrigtsen har meir konkrete mål og forventingar til kvar wushu i Norge er om fem år:

*At vi har en egen seksjon for wushu og midler til å sende et stort landslag (10 utøvere) for å konkurrere. Deltidsansatt høyt kvalifisert landslagstrener.*

*(Rune Ingebrigtsen, Leiar FLIS)*

Dette er i høgste grad konkrete, kvantifiserbare mål, og forutset at antalet medlemmar i NKF som trener wushu i Noreg kjem opp i over 1200 i 2011. Måla forutset også gode økonomiske rammer som gjør det mogleg å deltidsansettje instruktører og sende 10 landslagsutøvarar, med det

apparatet det krever, til utlandet for å delta i internasjonale konkurransar.

Utdanningssjefen i NKF, Antero Wallinus-Rinne, ser ut til å dele måla og forventingane for 5-års perioden med Ingebrigtsen, om enn med litt mindre målbare mål :

Regner med å komme opp i antallet medlemmer, gode arrangement regionalt og nasjonalt, har eliteutøvere i toppen, gode trenere og gode klubber (god styring og organisering), og muligens en egen seksjon. (Antero Wallinus-Rinne, Utdanningssjef, NKF)

Wallinus-Rinne nemner også god styring og god organisering av klubbane som eit mål. Dette er eit vanskelege mål å evaluere, men svært viktig for utviklinga. NKF har allereie starta arbeidet med å utvikle eit “Trener 1” kurs i wushu som skal inngå i den generelle trenarutdanninga til NKF for å sikre gode trenere. NKF er også med på prosjektet “Idrett og ledelse”, eit prosjekt Noregs Idrettshøgskule har utvikla i samarbeid med 28 særforbund. Idrett og ledelse” er ein lederutdanning for idrettslag, som skal sikre ein betre organisering i idretten, og fleire wushuklubber har delteke på kurset.

Storebø, Leiar i Kampsportregion Vest visar til andre greiner i NKF når han set mål for dei neste 5 åra:

*Eg håpar at vi om fem år har eit like stort aktivitetstilbod som vi ser i til dømes karate. Fleire treningsseminar med ulike tema kvart semester, eit norgescupstemne og igangsetjing av ein eigen kretscup i wushu håpar eg vi kan få til.*

*(Michael L. Storebø)*

Han har også ei målsetjing om å setje igang kretsmesterskap, og dermed auke antalet konkurransar det er mogeleg å delta i. Han legg dessutan vekt på at det bør haldast årlege dommar og trenarkurs på ulike nivå, og han håpar at Kampsport Region Vest kan verte den fyrste til å arrangere trenarkurs i wushu.

Alle mål er og meir eller mindre kontinuerlige. Dersom måla er kvantifiserbare, er det mogeleg å avgjere når måla er nådd. Måla kan også endrast over tid, og nye mål, eller utviding av eksisterande mål, dukker ofte opp når gamle mål er nådd.

## **Forventingar**

For å undersøkje om kva forventingar dei ulike ledda (klubb/krets/seksjon/forbund) i organisasjonen har til kvarandre, har me spurt dei ulike intervjuobjekta om kva forventing dei har til eitt av dei andre ledda.

Kristin Svartveit kjem med fleire interessante poeng om NKF sin rolle:

*Organiseringa under NKF vil vera legitimerande og forhåpentlegvis verke samlande for miljøet. Å få samla miljøa som driv med kinesisk kampkunst i Noreg kring ei felles forståing av kinesisk kampkunst og wushu, med konkurranser som er opne for både moderne og tradisjonelle stilartar, trur eg er ei av dei viktigaste utfordringane for utviklinga av wushu som idrett i Noreg. Her kan Noregs Kampsportforbund, som 'nøytral sone', vera til hjelp.*

*(Kristin Svartveit, Leiar BSI Taiji)*

At NKF kan verke som legitimerande faktor, som kan hjelpe til i arbeidet med å oppnå ei “felles forståing” er svært viktig. At NKF kan oppfattast som ei “nøytral sone” spesielt viktig i forholdet mellom tradisjonelle stilartar og moderne wushu, to “leirar” som kan tenkast å ha ulike mål, og som kan kome i interessekonflikt med kvarandre. I utviklinga av eit norsk wushuforbund, med eigen organisasjon, vil denne “felles forståinga” være svært viktig og vil kunne påvirke måla organisasjonen set seg for framtida.

NKF ved Wallinus -Rinne er opptatt av at wushu skal spre seg til fleire plassar enn Bergen og Oslo, og svarer slik på spørsmålet om kva forventingar NKF har til klubbane og regionane:

*Vi forventer en geografisk spredning av wushu til andre regioner enn Oslo (reg øst) og Bergens området (reg vest).*

*Dette skal skje etter en god faglig forankring både trenermessig, organisatorisk/faglig (wushu spesifikt) og konkurransemessig. Deretter kan wushu idretten ”eksporteres” til andre regioner etter utarbeidede modeller. Her ser vi en samarbeidsmodell som omfatter fleridrettsseksjon, forbundets fagpersonell og regionene. (Wallnius-Rinne, Utdanningssjef, NKF)*

Ein slik eksportmetode og samarbeidsmodell som inkluderer både FLIS, NKF og kretsane kan hjelpe klubbene i dei ulike distrikta mykje, og kan sørge for ein raskare rekrutering av medlemmar, samt å sørge for ein god, felles standard som gjer deltaking i konkurransar lettare.

Ingebrigtsen forventar at klubbane samarbeider med forbundet for å heve kompetanse på fleire felt. Han nemner at klubbane også bør bidra økonomisk til å hente instruktører til landet og til å sende norske utøvarar til Kina slik at dei kan verte betre, eller kvalifisere seg som instruktører. Sjølve kompetansen ligg hjå utøvarar og instruktører ute i klubbane, og det er denne kompetansen som må hevast. Svartveit trur NKF kan bidra ved å leggje til rette økonomisk for ei utvikling som “i hovudsak må kome frå den faglege kompetansen som allereie finst og no vert videreutvikla i klubbane.”

Storebø har konkrete forventingar til NKF i den vidare utviklinga av wushu i Noreg.

*Norges kampsportforbund sine hovudoppgåver, er slik eg ser det administrasjon, konkurranseavvikling, landslagsarbeid, utdanningstilbod og profilering. Administrasjonen skal sørge for at det kjem pengar inn frå myndigheiter og medlemmar som kan nyttast på aktivitetar i klubbar og regionar. (Michael L. Storerbø)*

Han har og fleire d me p  korleis samarbeid mellom dei ulike ledda (klubb/krets/forbund) foreg r i praksis.

*Konkurransesviklinga er det formelt sett forbundsadministrasjonen og seksjonsstyret som har ansvar for, medan den praktiske jobben vert gjort av kretsen og arrang rklubben. Det er kretsen som stiller med lokaler, matter og liknande, medan det er arrang rklubben som tek seg av funksjon rarbeidet.*

*Utdanningsstilbodet vert utvikla av utdanningssjefen som er tilsett i administrasjonen, medan det er kretsane som arrangerer kursa.(Michael L. Storerb )*

Korleis dette samarbeidet utviklar seg er sv rt viktig for praksisen rundt ulike arrangement, kurs og stevner. Dersom forventningane er realistiske og alle parter er einige om korleis ein gjer ting og kven som gjer kva, lovar det bra for samarbeidet mellom dei ulike ledda. Storeb  er n gd med profileringsarbeidet NKF gjer for wushu, og synast det er tydeleg at NKF ynskjer   f  opp aktiviteten og kvaliteten p  norsk wushu.

## **Utfordringar**

Norsk wushu har utvikla seg raskt p  f   r, men st r fortsatt framfor ei rekkje utfordringar. Dette avsnittet tek for seg dei viktigaste utfordringane slik akt rane me har intervjuet dei.

Ingebrigtsen meiner dei to viktigaste utfordringane er det lave medlemstalet og at mange klubber st r utanfor NiF. Han peiker p  konkretere utfordringar dette f rer med seg:

*“Planen er   ha et godt program som g r at klubber som st r utenfor NKF f ler at de m  inn i forbundet. Vi trenger 1200 nye medlemmer for   f  opprettet en egen wushuseksjon. Lavt medlemstall er en stor utfordring i en rekke sammenhenger:*

- *d rlig  konomi*
- *mangel p  kompetente instrukt rer*
- *for f  kompetente dommer*
- *for mange "nessekonger" som er redd for   delta i  pne fora”*

*(Rune Ingebrigtsen, leiar i FLIS)*

Svartveit nemner trenerutdanning, rekrutering og kontinuitet i medlemsmassen som viktige utfordringar p  klubbniv .

*Eg trur dei st rste utfordringane me har er:  
- me treng fleire dyktige trenarar, spesielt i moderne ytre taolu*

- få på plass eit graderingssystem og system for utdanning av trenarar
- å rekrutere yngre medlemmer (med tanke på konkurranse)
- kontinuitet i medlemsmassen, -fleire må fortsetje i fleire år
- å inspirere folk til å engasjere seg i styrearbeid og organisering av klubben

(Kristin Svartveit)

Ho nemner også behovet for eit graderingssystem. Eit graderingssystem kan ha stor motiverande faktor, og er i tillegg eit strukturert utdanningssystem i seg i sjølv. På klubbnivå vil det ha avgjerande betydning om klubbane klarar å inspirere medlemmane til å engasjere seg i styrearbeid og organisering, og ikkje berre i sjølve treninga. Korleis klubbane organiserer seg, og kor effektive dei er i å nå sine mål er ei viktig utfordring for norsk wushu og for rekrutering til miljøet.

Det kan sjå ut som om rekrutering er ei av dei viktigaste utfordringane wushu står ovanfor i Noreg. Kontinuerlig rekrutering av nye medlemmar er ofte den viktigaste pilaren i klubbane sitt økonomiske fundament. Rekrutering er ein viktig del av styrearbeidet til ein klubb og krever markedsføring og "henvendelse" til resten av samfunnet gjennom media og andre informasjonskanalar. Som Ingebrigtsen nemner må i tillegg klubber som heldt på med kinesisk kampkunst rekruterast i inn i NKF for å nå målet om 1200 medlemmer innan 2011. Eit av verkemidla som skal tas i bruke er å kreve at klubber som vil konkurrere må vere medlem i NiF å delta. Til no har konkurransane vore opne for alle.

Ein ide kunne vore å satt ned ein rekruteringskomite der krets, forbund (FLIS) og klubber kan samarbeide om å rekrutere ungdom til wushu gjennom ulike kampanjer. Som Li Qao Ling foreslår, og har god erfaring med, at ein tildømes kan henvende seg til skuler og andre plasser ungdom ferdast og gjeve oppvisningar og informasjon, og det kunne gjerne vore gjort i forbindelse med instruktørbesøk frå Kina.


### **Synspunkt frå ein profesjonel instruktør og dommar.**

Li Qiao Ling er «assosiate professor» ved Beijing Sports University og er utdanna internasjonal dommar i wushu. Ho har vitja mange land i Asia og Europa som dommar og trenar. Ho har også vitja Noreg ved fleire høve og undervist wushu, halde dommarkurs og vore dommer ved konkurransar, og har såleis ei god oversikt over norsk wushu. I intervjuet med ho ville me gjerne høyre hennar meiningar om den vidare utviklinga av wushu i Noreg, med vekt på kva som kan gjerast for å auke kompetansen hjå utøvarar, trenarar og dommarar.

Li legg stor vekt på utdanninga av trenarar og dommarar, og at me må setje i gang så fort som mogeleg, og gjere det steg for steg i samarbeid med det internasjonale forbundet. Ho foreslå to måter dette kan gjerast på. Enten kan Noreg sende trenerer til td. BSU for utdanning, eller så kan Noreg hente inn trenarar frå Kina som kan lære opp fleire instruktører og dommarar samstundes. Når det gjeld problemstillinga med å få med “alle” klubbane inn i eit norsk forbund og til å delta i norske konkurransar, meiner ho at det viktigaste er å vere open, og å invitere alle med, utan å presse dei. Problemet er at det er mange som ikkje kan konkurranseformene, og er interesert i wushu av ulike grunnar. Ho seier at dei ulike klubbane til dømes kan inviterast med som dommarar på konkuranser, for å inkludere dei. Ho synes ikkje at tradisjonelle og moderne stiler skal inngå i same konkurranse, sidan det er vanskeleg å dømme dei utfrå dei same kriterier. På spørsmål om kva som er fornuftige mål for dei neste 5 åra i norsk wushu, seier ho at Noreg allereie om 3 år kan ha unge utøvar som konkurrerer internasjonalt i Europa. Ho nemner at ho var med å byrje å spre wushu til Europa for 10 år sidan, ved å ta med dyktige utøvarar og gje oppvisningar på skuler og andre plasser, i fleire land for å få opp interessen i wushu og gje informasjon om det. Etter at ungdommen er blitt interesert bør ein starte å trene dei systematisk og strengt, og halde fram med det sjølv om mange fell av. Det vil alltid vere noko som når eit høgt nivå og som kan inspirere andre. Ho viser til Sverige, som er komen lenger enn Noreg, som har hatt studenter ved BSU eit par år og som har returnert heim, og no har studenter som konkurrerer internasjonalt.

### ***Organisasjonshjulet som utgangspunkt for vidare arbeid***

Me har nytta eit verktøy kalla organisasjonshjulet for å prøve å kartlegge alle forholda som må takast hensyn til i det foreståande arbeidet. Organisasjonshjulet er nyttig i den forstand at det kan hjelpe oss å sjå heilskapleg på alle bitane som må på plass innan eit domene. Organisasjonshjulet er utvikla for å sjå på idrettslag , men me har adoptert og modifisert det slik at det er eigna til å sjå på fleire sider ved utviklinga av wushu i Noreg. (Sjå illustrasjon på neste side)



Organisasjonshjulet er delt opp i eit “ytre” og eit “indre” liv. Det ytre livet er der resultatene synes, som td. aktiviteter, arrangementer og anlegg, medan det indre liv er organisasjon, trenarar og samarbeid som fungerer som støttefunksjoner som styrer og styrker aktiviteten. For å fungere optimalt må det indre og det ytre livet fungere saman som en heilskap. Det interessante med organisasjonshjulet er at alle dei ulike delane kan sjåast i forhold til kvarandre, og det som vert gjort i ein del av hjulet har stor tyding for dei andre delane av hjulet. Døme på dette kan vere at dersom ein ikkje har dyktige trenarar, vil aktivitetstilbodet være svekka, dersom ein ikkje har nok kvalifiserte dommarar vil ein ikkje kunne ha konkurranser, dersom organiseringa er dårleg vil det ha betydning for samarbeid med andre organisasjonar og så vidare. Verktøyet kan og nyttast i den tidlegare “mål-middel” hierarkiet; dersom ein vil oppnå noko i ein del av hjulet må det gjerast endringar i andre deler av hjulet. Når det gjeld mål, midler og resultater er i nokon tilfeller samanhengen mellom kva man gjer og kva resultat man får klar og tydeleg, i andre situasjonar kan samanhengen vere uklar og dårleg forstått. Organisasjonshjulet kan hjelpe å avklare denne samanhengen.

## Resultater/Diskusjon

På bakgrunn av analysen vil me sei at det eksisterer ein einighet om kva måla for framtida er, og kva dei viktigaste utfordringer for å nå desse måla er. Eit samarbeid mellom dei ulike ledda (klubb/krets/forbund) er etablert og fungerer. Arbeidet med problemstillinga i denne oppgåva har gjeve ein unik sjanse til å sjå på ulike sider ved innføring av ein “ny” idrett i Noregs kampsportforbund. Me vil hevde at forholdet mellom forbund og kva som skjer på klubb- og regionsnivå er viktig og relevant for vårt særforbund. Som me nevnt har den uformelle organisasjonen spelt ei stor rolle for igangsetninga av eit samla norsk wushumiljø, og me trur at ildsjelane, nettverket, samt personlege relasjonar fortsatt vil spele ei avgjerande rolle for vidareutviklinga av wushu, fram til ein eigen seksjon i Noregs Kampsport Forbund. Dersom måla til leiaren i FLIS vert oppnådd, sender me i 2011 10 deltakarar i internasjonale konkurransar, og tida vil vere inne for å setje seg nye mål...

### Referanser.

*Jacobsen, D. I. Og J. Thorsvik: Hvordan organisasjoner fungerer. Innføring i organisasjon og ledelse. Bergen, Fagbokforlaget 2002.*

*<http://kampsport.no> : Hjemmeside til Norges Kampsport Forbund*

*<http://kampkunster.no> : Portal for kampkunstklubber*

### Vedlegg: Intervju

#### Intervju 1 med Kristin Svartveit

*Fyrst vil me gjerne at du skriv kven du er og kva rolle du har i forhold til wushu, før du svarar på spørsmåla under.*

Eg er leiar i ein studentklubb i Bergen som trenar wushu. I tillegg er eg med i styret i Fleridrettsseksjonen (FLIS) i Noregs Kampsportforbund, og har til no sitte i Dommarkomite for wushu. Dommarkomiteen har saman med Fagkomite for wushu arbeida for å utvikle regelverk for konkurransar i wushu i Noreg og utdanna dommarar til desse.

**Spørsmål 1:** *Kva planer har klubben for satsing på wushu, og kva er ditt syn på kva dei største utfordringane klubben du er med i har med å videreutvikle wushu som idrett i Noreg.*

**Svar:**

BSI Taiji har planar om å utvikle eit godt treningstilbod i alle wushugreinene, i samarbeid med BTWK. Me håpar også på sikt å kunne stille utøvarar til konkurransar i alle greinene.

Eg trur dei største utfordringane me har er:

- me treng fleire dyktige trenarar, spesielt i moderne ytre taolu
- få på plass eit graderingssystem og system for utdanning av trenarar
- å rekrutere yngre medlemmer (med tanke på konkurranse)
- kontinuitet i medlemsmassen, -fleire må fortsetje i fleire år
- å inspirere folk til å engasjere seg i styrearbeid og organisering av klubben

**Spørsmål 2:** *Kva er det viktigaste Noregs Kampsportforbund kan bidra med til utviklinga av wushu i Noreg, og kva forventingar har klubben til dei.*

**Svar:**

Eg trur Noregs Kampsportforbund kan bidra ved å leggje til rette økonomisk for ei utvikling som i hovedsak må kome frå den faglege kompetansen som allereie finst og no vert videreutvikla i klubbane.

I tillegg trur eg det er svært viktig at NKF (gjennom FLIS og Wushukomiteane) er forum for diskusjon og samarbeid for utviklinga av wushu i Noreg. Organiseringa under NKF vil vera legitimerande og forhåpentlegvis verke samlande for miljøet. Å få samla miljøa som driv med kinesisk kampkunst i Noreg kring ei felles forståing av kinesisk kampkunst og wushu, med konkurransar som er opne for både moderne og tradisjonelle stilartar, trur eg er ei av dei viktigaste utfordringane for utviklinga av wushu som idrett i Noreg. Her kan Noregs Kampsportforbund, som 'nøytral sone', kan vera til hjelp.

**Spørsmål 3:** *Kvar ser BSI Taiji for seg at wushu i Noreg er om 5 år. Kva forventningar og mål har BSI Taiji i høve til wushu for denne perioden?*

**Svar:**

Om 5 år trur eg wushumiljøet i Noreg har 'satt seg' litt og blitt bedre organisert og strukturert. Eg trur ikkje miljøet er veldig stort enno, men forhåpentlegvis er det veksande. Eg trur me har fått ein del fleire medlemmar og klubbar som ynskjer å trene wushu på grun av OL i Beijing i 2008.

BSI taiji har per i dag ingen konkrete mål for kvar me skal vera om fem år, men eg trur me vil vera i kjernen av miljøet også då. Eg håpar me i denne perioden vil klare å organisere treningar slik at me både har eit tilbod til dei som ynskjer å drive konkurransewushu, inkludert velorganisert og regelmessig tilbod om treningsseminar med kinesiske trenarar, samt eit godt tilbod også dei som berre ynskjer å trene for sin eigen del.

## **Intervju 2 med Rune Ingebrigtsen**

*Fyrst vil me gjerne at du skriv kven du er og kva rolle du har i forhold til wushu, før du svarar på spørsmåla under.*

Rune Ingebrigtsen (55) Har trent taiji og andre kinesiske arter i ca 27 år. Pt leder av FLIS i NKF. Instruktør for flere klubber som driver med wushu.

**Spørsmål 1:** *No sorterer wushu under Fleiridrettsseksjonen i NKF. Kva planer har seksjonen for utviklinga av eit eige forbund for wushu ? Kva er ditt syn på kva som er dei største utfordringane seksjonen har i høve til å videreutvikle wushu som idrett i Noreg ?*

**Svar:** Planen er å ha et godt program som gjør at klubber som står utenfor NKF føler at de må inn i forbundet. Vi trenger 1200 nye medlemmer for å få opprettet en egen wushuseksjon. Lavt medlemstall er en stor utfordring i en rekke sammenhenger:

- dårlig økonomi
- mangel på kompetente instruktører

- for få kompetente dommere
- for mange "nessekonger" som er redd for å delta i åpne fora

**Spørsmål 2:** *Kva meiner du er det viktigaste klubbane i forbundet kan bidra med til utviklinga av wushu, og kva forventingar har seksjonen til dei ?*

**Svar:** Samarbeide med forbundet for å heve kompetanse på flere felt. Dvs bidra økonomisk til å hente instruktører til landet og sende lovende norske utøver ut slik at de kan bli bedre eller kvalifisere seg som instruktører.

**Spørsmål 3:** *Kvar ser seksjonen for seg at wushu i Noreg er om 5 år. Kva forventninger og mål har dykk for denne perioden ?*

**Svar:** At vi har en egen seksjon for wushu og midler til å sende et stort landslag (10 utøvere) i for å konkurrere. Deltidsansatt høyt kvalifisert landslagstrener.

### **Intervju 3 med Antero Wallinus-Rinne**

*Fyrst vil me gjerne at du skriv kven du er og kva rolle du har i forhold til wushu, før du svarar på spørsmåla under.*

Utdanningsjef Norges Kampsportforbund. Utdanningsansvarlig for alle idretter og stilarter som inngår i NKFs utdanningsstige, deriblant Wushu.

**Spørsmål 1:** *No sorterer wushu under Fleiridrettsseksjonen i NKF og det er ein ny idrett i Kampsportforbundet. Kva forventninger har Noregs Kampsportforbund til klubbene i forbundet som trener wushu, og til dei ulike kampsportregionane i forhold til utviklinga av wushu i Noreg ?*

**Svar:** Vi forventer en geografisk spredning av wushu til andre regioner enn Oslo (reg øst) og Bergens området (reg vest). Dette skal skje etter en god faglig forankring både trenermessig, organisatorisk/faglig (wushu spesifikt) og konkurransemessig. Deretter kan wushu idretten

”eksporteres” til andre regioner etter utarbeidede modeller. Her ser vi en samarbeidsmodell som omfatter fleridrettsseksjon, forbundets fagpersonell og regionene.

**Spørsmål 2:** *Kva meiner du er det viktigaste wushu som ny idrett i NKF kan lære av dei andre etablerte kampsportene som har ein lang historie som organisasjon i NKF ?*

**Svar:** Toppidrettskultur, trenerutdanning, stevneavvikling, dommerutdanning, og overføringsverdier fra bla Taekwondo

**Spørsmål 3:** *Kvar ser NKF for seg at wushu i Noreg er om 5 år. Kva forventninger og mål har NKF for wushu i denne perioden?*

**Svar:** Regner med å komme opp i antallet medlemmer, gode arrangement regionalt og nasjonalt, har eliteutøvere i toppen, gode trenere og gode klubber (god styring og organisering), og muligens en egen seksjon.

## **Intervju 4 Li Qiao Ling**

(interpreter: william zhang)

**Spørsmål:** *For the record, who are you, what do you do , and what is your role in wushu?*

**Svar:** Li Qiao Ling, Associate professor at Beijing Sports University<sup>1</sup>, Professional Wushu Teacher

International Wushu judge, Member of Shanxi Xingyiquan Federation

**Spørsmål: 1** *About competition. Now we have simplified rules based on the international rules. What do you think about this, and what should be done to increase the national level and to gradually reach an international level on the arrangement, rules, judges and athletes ?*

**Svar 2:** Firstly , the level of Norwegian athletes is now low, but this doesnt matter. What is important now is to foster the education of judges and teachers. This can not just wait, but has to be done step by step, and you should cooperate with the international federation. There are two

---

<sup>1</sup> BSU er internasjonalt ein leiande aktør innan utdanning av wushuinstruktører -og konkurranseutøvarar.

ways to do this: China should send teachers. for several week duration, to educate many instructors and judges in Norway so they know how wushu should be done. secondly instructors should come to China to learn. These are two ways of learning.

**Spørsmål 2:** *About the schools. In Norway we have very few schools who practice the modern wushu competition taolu, but several schools that practice "traditional" styles or "family" styles of wushu. How can everyone be included in competitions and in the federation. To include everyone is a challenge, but we need everyone to cooperate and what is important for a school or club that has to work within a larger system where we can cooperate on competitions and rules ?*

**Svar 2:** It is a challenge to persuade people who practice the "traditional" styles to come into the the competition system because they can not do the competition toulu. These clubs often make a living of these clubs, and are often very interested in traditional wushu for different reason. So it might be a problem. Maybe its better to not try to force them, but only to invite them and inform them about rules and competition. Even ask them to come and judge the competition. The most important is to recruit and teach young people, and recruit them from an early age.

*What about combining the modern and traditional styles in the same competition ?*

No, this is difficult because they are too different. And the rules are too different, so they can not be in the same competition. It is difficult to judge different styles. In China they make new rules for traditional wushu, but I do not think this can be adopted to Norway. It is impossible to judge different styles from the same criteria.

**Spørsmål 3:** *About the federation and the different instance. Some steps have been taken; wushu has got recognition in the Martial Arts Federation, we have held some competitions and courses for judges and are now establishing a national team. What can be done on the different levels or instances, like club, region, national federation and international federation ? What should each level contribute with to the development of wushu and what further steps should be done to ensure continuous growth and to get a higher level on competitors, instructors and judges. ?*

**Svar 3:** My opinion is that this depends on our opinion! If you want to join this modern form of wushu and the international system, you should foster judges, athletes and teachers, and inform young people about wushu. Some ways to do this is to invite chinese masters and athletes to give performances and classes. If competition is not wanted and suitable for you then you can study traditional wushu, it is good for your situation and health. You can also at the same time develop competition, they are not so much in conflict. You should organize wushu classes to make athletes do systematic training, then we could have good athletes.

**Spørsmål 4:** *On the basis on what you have seen of Norwegian wushu, what are reasonable goals to set for Wushu in Norway in about 5 years into the future ?*

**Svar 4:** My suggestion is that already in 3 years you can foster some kids from Norway that can compete internationally in wushu in Europe. I have much experience in spreading Wushu to Europe. 10 years ago we started by bringing excellent athletes from China to give exhibitions for primary-school students and young people in various several countries in Europe, to give them an opportunity to get to know wushu, and to get interested in wushu and get information about it. This is a good way to get many student interested. Another way is also to show wushu movies and to inform about wushu in other ways.

After they know wushu, you should try to organize classes and enroll students. The classes should be systematic and strict, and then after months or years some student will stop, but some will keep going, and then it is important to continue to teach them. When they get high level and maybe get medals in competitions, they will influence others and continue. Even if it is only one student you should continue to teach them, and not stop. Eventually someone will get high level.

You should go step by step: Firstly develop wushu in the main cities and then spread it to local places. Start one place and then spread it by organizing more classes and give more information. Denmark and Sweden has come further, and have had students staying here at the Beijing Sports University, that stayed here a couple of years and gone back to their countries and they now have student who competes internationally.

## **Intervju 5 med Michael L. Storebø**

Verv: Leiar i kampsportregion vest, leiar og trenar i Bergen taiji- og wushuklubb, medlem av NKF sin dommarkomite for wushu, nestleiar i NKF sin medisinske komite.

Har ein brei kampsportbakgrunn, med hovudtyngd i karate. Kombinerte karate og taijiquan fram mot svartbeltegraderinga mi i år 2000. Frå 2003 har eg trena og vore instruktør i sanshou i Bergen, i regi av Universitetets karateklubb. I 2005 var eg med og stifta Bergen wushuklubb, og var leiar der fram til samanslåinga med Bergen taijiquanklubb i 2006. Er no leiar i Bergen taiji- og wushuklubb.

**Spørsmål 1:** *No sorterer wushu under Fleiridrettsseksjonen, og er ein ny sport i Noregs kampsportforbund. Kva planer har Kampsport region Vest for satsing på wushu, og kva er ditt syn på kva som er dei største utfordringane regionen har med å videreutvikle wushu i Noreg.*

**Svar 1:** Det viktigaste regionen gjer i høve til wushu, meiner eg er tilretteleggjing for treningssamlingar og konkurransar, samt å vere arrangør for dommarkurs, og etter kvart trenarkurs. Dette vil vi halde fram med, og vi håpar at wushumodulen i trenar 1-kurset snart vert klar, slik at regionen kan verte den fyrste til å arrangere trenarkurs i wushu.

**Spørsmål 2:** *Kva er det viktigaste Norges Kampsportforbund kan bidra med til utviklinga av wushu, og kva forventingar har Kampsport region Vest til dei.*

**Svar 2:** Norges kampsportforbund sine hovudoppgåver, er slik eg ser det administrasjon, konkurranseavvikling, landslagsarbeid, utdanningstilbod og profilering. Administrasjonen skal sørge for at det kjem pengar inn frå myndigheiter og medlemmar som kan nyttast på aktivitetar i klubbar og regionar. Konkurranseavviklinga er det formelt sett forbundsadministrasjonen og seksjonsstyret som har ansvar for, medan den praktiske jobben vert gjort av kretsen og arrangørklubben. Det er kretsen som stiller med lokaler, matter og liknande, medan det er arrangørklubben som tek seg av funksjonærarbeidet. Forbundet har i konkurransesamanheng ansvar for dømninga og premieringa.

Landslagsarbeidet er tillagt sportssjefen i forbundet. Det er viktig at han organiserer landslagssamlingar i ulike delar av landet, men eg ventar at vi i region vest får dei fleste samlingane, sidan vi har flest kandidatar til landslaget.

Utdanninstilbodat vert utvikla av utdanningssjefen som er tilsett i administrasjonen, medan det er kretsane som arrangerer kursa. Eg håpar at vi i region vest kan styrke dommarstanden her i

regionen ved hjelp av fleire kurs framover, samt at vi kan avhalde trenarkurs i wushu så snart opplegget for desse er klart.

Når det gjeld profilering av wushu, synast eg NKF gjer ein god jobb. Det er tydeleg at det er eit ynskje å få aktiviteten og kvaliteten på norsk wushu opp på same nivå som ein ser i dei andre idrettane NKF organiserer. Det siste er at vi på NM i år skal få lov til å dele ut to kongemedaljer.

**Spørsmål 3:** *Kvar ser Kampsport region vest for seg at wushu I Noreg er om 5 år. Kva forventninger og mål har Kampsport region Vest i forhold til wushu for denne perioden?*

**Svar 3:** Eg håpar at vi om fem år har eit like stort aktivitetstilbod som vi ser i til dømes karate. Fleire treningsseminar med ulike tema kvart semester, eit norgescupstemne og igangsetjing av ein eigen kretscup i wushu håpar eg vi kan få til. I tillegg bør vi kunne tilby dommar- og trenarkurs ein gong i semesteret på lågaste nivå, samt ein gong i året på høgare nivå.